

## Reguleringsplan - fyrste steget fram mot eit ferdig prosjekt.

24.09.2020




Skissen med dårlig biletkvalitet syner bygningsmassen mot sjøen.

**Det er varsle oppstart av arbeidet med reguleringsplan for eit utvida aktivitetshus med klatrehall. Uskedal Idrettslag ved Klatregruppa inviterte til eit to timars informasjonsmøte, organisert som stand, i går. Alt kl. 19.00 var naboar og andre interessererte møtte fram for å få vita meir om innhaldet og prosessen. Det er rekna fire steg i sjølve prosjekteringen. Fase ein er reguleringsplan.**

Prosjektgruppa ved Steinar Haugland, Chris Fossli, Michael Røssland og Odd Steinar Arnesen var ansvarlege for møte. Skisser fra arkitektfirma Lala Tøyen og dokument i saka låg framme på bordet. Prosjektgruppa svara på spørsmål og ved oppstart er det fram til 27. oktober høve til å senda innspel.


Planområde omfattar både offentleg og privat areal og grensar til tidlegare regulert område og til gjeldande kommuneplan frå 2018. Noko av tilgrensande areale er LNF område, landbruk i sør og strandsone i vest.



Skisse: Fleirbruksbygg og klatrehall i sambygg med noverande aktivitetshus.

Sidan samlinga i går var organisert som ein stand med personlege spørsmål og vurderingar, let det ikkje gje å få fram innlegg i saka. Prosjektet har fått god støtte så langt, både økonomisk og verbalt. Nokre stiller spørsmål om plassering, arkitektur og andre viktige faktorar som må avklarast i ein reguleringsplan og seinare i skisse- og forprosjekten. Det går mellom anna på parkeringplass, tilkomst og trafikkareale.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto frå skisser - Lala Tøyen



Inngangsparti og rombruk i 1. etasje.